

AVTALE OM DRIFT OG BRUK AV IDRETTSANLEGG

mellom

ÅSERAL IDRETTSLAG

og

ÅSERAL KOMMUNE

1. Avtalepartar

Åseral idrettslag org.nr: 975 652 491
(idrettslaget)

Åseral kommune org.nr: 964 966 842
(kommunen)

2. Føremål med avtalen

Føremålet med denne avtalen er å regulere forholdet mellom partane når det gjeld drift og vedlikehald av idrettsanlegga i Åseral kommune.

3. Drift og vedlikehald av fleirbrukshallen

Åseral kommune er ansvarleg for forsvarleg drift og vedlikehald av fleirbrukshallen.

Utstyr til fleirbrukshall og symjehall

Ved innkjøp av utstyr til hallen og symjehall som er knytt til aktivitetar (ballar, køller, matter osv), og som ikkje er ein del av det faste inventaret, skal kostnaden delast likt mellom Åseral kommune og Åseral idrettslag.

Symjehall

Åseral idrettslag har ansvar for tilbod om fredagsbading (eigen avtale, **vedlegg 1**).

Styrkerom/Treningssenter

Åseral idrettslag har ansvar for drift av styrkeromet (eigen avtale, **vedlegg 2**)

4. Drift og vedlikehald av utandørs anlegg

Ljosløype

- Idrettslaget har ansvar for oppkøyring av ljosløype i Kyrkjebygd (eigen avtale, **vedlegg 3**).

Ballbinge, Fotball- og Friidrettsarena med tilhøyrande lagerbygg

- Åseral kommune har ansvar for drift og vedlikehald av desse anlegga (herunder blant anna merking, djuprens og etterfylling av gummigranulat ein gong pr år).
- Idrettslaget er ansvarleg for slådding av kunstgrasbanen. Slådding skal utførast minimum tre gonger i året eller etter behov.
- Lagerbygget disponerast av idrettslaget og skulen i fellesskap.
- Idrettslaget er ansvarleg for å rydde og halde orden etter eigne arrangement.
- Idrettslaget er ansvarleg for ein dugnad i året. På dugnaden skal det plukkast søppel og bidra til førefallande vedlikehald på lagerbygg.
- Idrettslaget har rett til å setje opp reklame langs baneanlegget etter avtale med sponsorar.

Møykjeplassen

- Åseral kommune har ansvar for drift og vedlikehald.
- Idrettslaget er ansvarleg for ein dugnad i året. På dugnaden skal det plukkast søppel, ryddast, og evt anna etter nærmare avtale.

5. Årleg dialogmøte

Åseral kommune kallar inn til årleg møte med idrettslaget for å avtale innkjøp og drøfte relevante tema.

6. Ikrafttredden

Denne avtalen trer i kraft umiddelbart etter signering.

Avtalen er utarbeida i to eksemplar, med eitt til kvar av partane.

Åseral, den

For Åseral idrettslag

For Åseral kommune

Leiar i ÅIL

rådmann